

Arkivsak-dok. 17/00146-31 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal Mcguffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 26.04.2018

O-3/18-4 IMPLEMENTERING AV ADMINISTRATIV ORGANISERING

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saken til orientering

Sammendrag:

Styret vil i denne saken få en muntlig orientering om framdrifta i implementeringa av vedtaket om administrativ organisering, jf. styresak 15/18. I orienteringen vil det bli gjort rede for prosessene som pågår ifbm. med oppfølging av vedtaket, blant annet arbeidet med bemanningsplaner og tilsettinger. Ved behov vil det også bli gitt en ytterligere oppklaring av spørsmål om nivå på stillingskoder for ulike stillingstyper utover det som er gitt i e-post til styret 11.04.18.

Vedlegg:

Mailkorrespondanse – Verdsetting av HVL sine administrative leiarar (dato 06.04.18, 10.04.18 og 11.04.18)

Vedlegg – mailkorrespondanse

Fra: Tage Båtsvik

Sendt: onsdag 11. april 2018 07.58

Til: Arvid Hallen [redacted] Tom Skauge [redacted]
Linda Marie Hvaal Mcguffie [redacted]
aina.berg [redacted] gunnar.birkelan [redacted] kari.kjenndalen [redacted]
Trond.Uelan [redacted] Sissel Johansson Brenna
[redacted]; Gunnar Yttri [redacted] Christine
Øye [redacted] Marit Ubbe [redacted]; Ase Neraas
[redacted]no>; Karin Stormo [redacted]
sondre.riisoen [redacted] m_eikemo_larse [redacted]; Cecilie Engen
Fredheim [redacted]

Kopi: Geir Anton Johansen [redacted] Anne Isabelle
Robbestad [redacted] Berit Rokne [redacted] Asle
Holthe [redacted] Randi Skår [redacted] Helge Skugstad
[redacted] o>; Liv Reidun Grimstvedt [redacted] Bjørg
Kristin Selvik [redacted] Gro Anita Fonnes Flaten
[redacted] Linda Marie Hvaal Mcguffie
[redacted]

Emne: SV: Sak til styremøte 26 april - Verdsetting av HVL sine administrative leiarar

Viser til e-post frå Tom under, og svar frå styreleiar.

Det at det er brukt ulike stillingskodar for leiarar i fellesadministrasjon og fakultet gjev ikkje uttrykk for ein hierarkisk struktur. Det er eit forsøk på å finne ein føremålsteneleg bruk av formelle stillingskodar. Leiarstillingane i fellesadministrasjon og fakultet er lagt på same nivå, høvesvis nivå 3 og nivå 4. Men det samstundes leiarstillingar i ulike linjer, og dei har forskjellige ansvarsområder og mynde. Harmoniseringa av kodar vart primært tenkt innafør dei ulike linjene, altså lik bruk i fellesadministrasjon. og lik bruk i fakultet. Der det vart brukt ulike stillingskodar for leiarstillingane i fellesadministrasjon og i fakultet. For at stillingskodane også skulle gjere det gjenkjennbart kva linjer leiarstillingane er plassert i.

Det speglar slik sett at dei offisielle titlane som skal brukast er forskjellige, jf styresaka om administrativ organisering. Der vi har brukt ulike betelknelsar, ut frå det vi meiner er passande og føremålstenlege titlar. Som gjev ei meining mht kva eining ein leiar.

Vi bygger no ein ny organisasjon der vi treng dyktige og kompetente administrative leiarar på alle nivå, både i fellesadministrasjon og fakulteta. Vi har no moglegheit til å ta eit samla grep om å utvikle den nye administrative strukturen vår på ein heilskapleg måte. Der vi sikrar god samanheng, og tydeleg rollefordeling mellom dei ulike funksjonsområda, og mellom fellesadministrasjon og fakultetsadministrasjonen. Det blir særskilt viktig at vi reelt får til tett samarbeid mellom fellesadministrasjon og fakultetsadministrasjon. Der vi vil ha same primære målsetting om å støtte opp om den (faglege) kjerneverksemda i fakulteta.

Beste helsing

Tage Båtsvik
Organisasjonsdirektør / Høgskulen på Vestlandet
Tlf: 454 26 924 Besøksadresse: Klingenbergvegen 8, Stord
Postboks 7030 5020 Bergen



Fra: Arvid Halle [redacted]
Sendt: tirsdag 10. april 2018 08.58
Til: Tom Skauge [redacted]
Kopi: Linda Marie Hvaal Mcguffie [redacted]
[aina.berg](#) [redacted] [gunnar.birkelan](#) [redacted] [kari.kjenndalen](#) [redacted]
[Trond.Uelan](#) [redacted] Sissel Johansson Brenna
[redacted]; Gunnar Yttri [redacted] Christine
Øye [redacted] Marit Ubbe [redacted]; Ase Neraas
[redacted] Karin Storm [redacted]
[sondre.riisoen](#) [redacted] [m eikemo larse](#) [redacted] ecilie Engen
Fredheim [redacted] Berit Rokne [redacted] Tage Båtsvik
[redacted] Helge Skugstad [redacted] Asle Holthe
[redacted] Geir Anton Johansen [redacted] Randi
Skår [redacted] nne Isabelle Robbestad [redacted]
Emne: Re: Sak til styremøte 26 april - Verdsetting av HVL sine administrative leiarar

Hei Tom.

Eg har samrådd meg med rektor om henvendelsen din, og det vil på komande styremøte bli gitt ei munnleg orientering om denne saka og dei spørsmåla du tar opp. Det vil då bli høve til å stille ytterlegare spørsmål. Før møtet vil Tage Båtsvik vidaresende til styremedlemmene ein e-post som han har sendt til nokre tilsette som har reist spørsmål til saka.

Helsing Arvid

2018-04-06 9:53 GMT+02:00 Tom Skauge [redacted]

Gode styreleiar,

Eg ber om at denne sak blir satt opp på sakslista som ordinær sak med nødvendig saksgrunnlag i styret sitt april-møte:

Verdsetting av HVL sine administrative leiarar

Fleire fagforeiningar har reagert på at administrative leiarstillingar er lyst ut slik at leiarstillingar i sentrale einingar er verdsatt med høgare startløn og gjennomsnittsløn enn tilsvarande stillingar i ved fakulteta.

FF skriver:

«Stillingar i sentrale einingar er gjennomgåande lyst ut i stillingskodar med både høgare startløn og gjennomsnittslønn (avdelingsdirektør, underdirektør og seksjonsleiar) enn stillingar på tilsvarande nivå i fakultetsadministrasjonane som er

lyst i stillingskode administrasjonssjef og kontorsjef. Frå stillingsutlysingane kan vi ikkje lese at oppgåver og ansvar skil seg vesentleg frå kvarandre og kan forsvare slike systematiske forskjellar i same organisasjon. Kan leiinga grunngje desse skilnadane?

Fakulteta er einingar med opp mot 560 medarbeidarar og kjerneaktiviteten i organisasjonen ligg i fakulteta. For å leie administrative einingar på dette nivået og vere ein del av leiinga i fakultetet, krev det forståing for undervisningsfeltet og utdanningane fakultetet tilbyr, for forskingsfeltet og omfanget og innretninga på dette, EVO og ekstern aktivitet samt strategisk økonomi- og organisasjonsforståing for at fakultet skal disponere ressursar på ein god og fornuftig måte. Administrativ leiing i fakultetet har breie kontaktflater mot alle einingar i organisasjonen og må ha forståing for alle funksjonsområde og korleis desse verkar inn på fakulteta sin samla aktivitet. I tillegg må ein forstå samfunnsoppdraget og korleis ein best kan bygge opp og ivareta HVL sitt omdømme.»

I framlegg til referat frå sist styremøte i sak 15/18 Administrativ organisering ved HVL heiter det:

2. Styret ber om at det blir gjort ei risikovurdering av dei viktige omsyna i diskusjonen om administrativ organisering. Det gjeld særskilt korleis vi kan ivareta heilskapleg campusdrift/campusutvikling, korleis fakulteta blir gitt administrativ støtte og korleis ansvaret for ulike funksjonsområde blir plassert, slik som t.d. EVU og rekruttering. Styret ber om å bli halden orientert om erfaringane med organiseringa. (mi understreking).

Dersom desse stillingskodane vert gjort gjeldande tyder det på ein systematisk nedvurdering av det viktige administrative arbeidet som går føre seg ved grunneiningane.

Eg ber om at saka opplyser styret på tre tema:

1. Kva er rektoratet sitt tilsvaer til uroa frå fagforeiningane?
2. Kva organisasjonsteori har rektoratet for HVL med tanke på verdsetting av HVL sine grunneiningar dersom FF sine lesing av utlysingane er rett?
3. Har rektoratet tatt tilstrekkelig omsyn til styret sitt tilleggsvedtak om risiko i iverksetting av desse leiarstillingane?

Vennleg helsing
Tom Skauge
styremedlem